



Det er store forventningar framfor Karmøy-festivalen. Dette biletet vart teke under seminaret i april. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Skulemusikken er påmeldt til Karmøy Brass Festival neste helg og dette blir andre gong dei deltek. Debuten var i fjor og musikantar og leiarar opplevde festivalen som svært vellukka.**

Det vart ei kjempehelg og forventningane er difor store også framfor denne festivalen. Den er eit svært godt tilbod både sosialt og musikalsk, seier dei som var med i 2006.

Det er 22 korps påmelde frå Hordaland og Rogaland og av dei er fire frå Kvinnherad. Utanom Uskedalen deltek skulekorpsa frå Husnes, Høylandsbygd og Rosendal. Musikantane bur korpsvis på klasserom.

Det musikalske opplegget er slik at musikantane vert delt inn i grupper etter alder og nivå. Kvar gruppe utgjer eit korps som får tildelt ein dirigent. Dermed får dei spela og bli kjent med jamaldringar frå andre korps. Dei yngste får tildelt fleire dirigentar slik at dei skal få best mogeleg hjelp. Det er eit eige opplegg for slagverkarane.

Etter øvingstida vil musikantane få ulike tilbod. Fredag er det Idol-konkurransse og bingo, Diskotek er det begge dagar og lørdag bading i Karmøyhallen. Eit høgdepunkt på lørdag er festkonsert med elitekorpset Stangaland Brass. Festivalen vert avslutta med ein storslått konsert søndag ettermiddag og der deltek alle.

Av Ola Matti Mathisen